Landbruksdirektoratet
Eanandoallodirektoráhtta

# Søk om produksjons-tilskot i jordbruket innan 15. mai 2017

## Frå og med 1. mai kan du levere del 1 av søknaden om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløysing ved ferie og fritid. Søknadsfristen er 15. mai. Tilskotet vert utbetalt i februar 2018.

### KVE KAN SØKE?

Føretak som driv med husdyrproduksjon kan søke om tilskot i mai. I søknaden fører du opp talet dyr du disponerer per 1. mai (teljedato). Dyretalet ligg til grunn for følgande tilskotsordningar:

- husdyrtilskot
- tilskot til økologisk husdyrproduksjon
- driftstilskot til mjølkeproduksjon
- driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon
- avløysartilskot (dyretalet ligg til grunn for maksimalt avløysartilskot)
- grovfôrareal (dyretalet ligg til grunn for tilskot til grovfôrareal)

Om du berre har bikubar, eller berre driv med planteproduksjon, skal du ikkje søke før i oktober.

### KVAR FINN EG SØKNADSSKJEMAET?

Søknadsskjemaet finn du på www.landbruksdirektoratet.no, eller på www.altinn.no. Du kan tidlegast søke 1. mai.

### VER TIDLEG UTE MED Å SØKE

Landbruksdirektoratet har utvikla eit nytt elektronisk søknadsskjema, som skal nyttast for første gong denne søknadsomgangen. Dette inneber at søknadsskjemaet vil sjå annleis ut, og at det vil ha nokre nye funksjonar. Fleire av opplysningane du oppgir i søknadsskjemaet, vil bli kontrollert av systemet før du sender inn søknaden. Kontrollane reduserer risikoen for at du fører opp feil opplysningar i søknaden.

Vi anbefaler at du er tidleg ute med å søke. Dersom du treng rettleiing, ta kontakt med landbrukskontoret i kommunen din i god tid før søknadsfristen.

FAKTA

**Kort om det nye søknadssystemet for produksjonstilskot og tilskot til avløysing ved ferie og fritid**

- Søknaden om tilskot består av to delar:
  - Del 1 har søknadsfrist 15. mai (teljedato 1. mai).
  - Del 2 har søknadsfrist 15. oktober (teljedato 1. oktober).
- I tillegg er det ei etterregistreringsfrist 10. januar, for utgifter/opplysningar du får etter 15. oktober og fram til 31. desember. Etterregistreringsfristen gjeld for
  - avløysarutgifter
  - dyr som er sanka frå utmarksbeite
  - kvantum frukt, bær og veksthusgrønsaker samt poteter dyrka i Nord-Norge.
  - gris, kylling og kalkun selde som livdyr
- Tilskotet for søknadsåret 2017 vert utbetalt i februar 2018.

Du finn meir informasjon om det nye søknadssystemet på www.landbruksdirektoratet.no

**Informasjon om nytt søknadssystem**

infobrev_pt_mai2017_NN_1.0

## SØKNADEN MÅ LEVERAST ELEKTRONISK

Det er ikkje lenger mogleg å levere søknad på papirskjema. For å søke elektronisk, må du ha tilgang til å logge deg inn via Altinn. Du kan logge deg inn ved å bruke minID, BankID, Buypass, Commfides eller BankID på mobil. Har du problem med å logge deg inn, ta kontakt med Altinn si brukarstøtte på tlf. 75006000.

Når du sender inn elektronisk søknad om produksjonstilskot, må du oppgi enten ei e-postadresse eller eit mobiltelefonnummer. Dette er for at vi skal kunne varsle deg om at du har motteke vedtak om tilskot eller informasjon om nye søknadsomgangar i Altinn-innboksen din.

## SØKNADSFRISTEN ER 15. MAI

Søknadsfristen for del 1 av søknaden er 15. mai. Fordi dette er det første året med ny søknadsfrist, så vil det vere mogleg å levere søknad fram til 29. mai. Merk at dette berre gjeld i 2017. Om du ikkje har levert søknaden innan den 29. mai, får du ikkje levert søknaden. Du kan søke om dispensasjon frå søknadsfristen, men dispensasjon blir berre gjeve i særlege tilfelle.

Frå og med 2018 har du ikkje moglegheit til å levere inn søknad etter at søknadsfristen har gått ut.

## DU KAN ENDRE OPPLYSNINGANE I EIN INNSENDT SØKNAD I 14 DAGAR ETTER AT SØKNADSFRISTEN HAR GÅTT UT

Dersom du har levert søknaden innan fristen, har du moglegheit til å endre opplysningane i søknaden i 14 dagar etter at søknadsfristen har gått ut, utan å få trekk. I 2017 er søknadsfristen 15. mai, og du kan difor endre søknadsopplysningane fram til 29. mai.

## GJER DEG KJENT MED REGELVERKET

Søker du om produksjonstilskot, må du kjenne føresegnene i jordbruksavtalen og i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket. Fleire informasjonskjelder kan vere nyttige for deg som søker:

- Rettleiar for utfylling av søknad om produksjonstilskot gir deg informasjon om kva for vilkår du må oppfylle for å ha rett på tilskot.
- Jordbruksavtalen og forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket inneheld reglane som gjeld for tilskotsordningane.
- Kommentarrundskrivet gir deg informasjon om korleis ein skal forstå føresegnene i forskrifta.

## NESTE SØKNADSFRIST ER 15. OKTOBER

Neste gang du kan søke om produksjonstilskot og tilskot til avløysing ved ferie og fritid er i oktober. Søknadsskjemaet opnar 1. oktober, og søknadsfristen er 15. oktober. I oktober søker du om dei same tilskotsordningane som du søker om no i mai. I tillegg kan du søke om

- tilskot til avløysing ved ferie og fritid for 2017
- tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar
- distriktstilskot for frukt, bær og veksthusgrønsaker, samt matpotet i Nord-Norge
- areal- og kulturlandskapstilskot
- tilskot til dyr på beite
- tilskot til dyr på utmarksbeite

For tilskot til sau og lam på utmarksbeite, skal du frå og med oktober 2017 føre opp talet dyr som er slopne på utmarksbeite og talet dyr som er sanka etter å ha vore minst 5 veker på utmarksbeite.

## HAR DU SPØRSMÅL OM PRODUKSJONSTILSKOT ELLER TILSKOT TIL AVLØYSNIG VED FERIE OG FRITID?

Les om produksjonstilskot og tilskot til avløysing ved ferie og fritid i rettleiar for utfylling av søknad om produksjonstilskot, eller kontakt kommunen din. Meir informasjon om det nye søknadsystemet for produksjonstilskot finn du på nettsidene våre om nytt søknadssystem 2017. Du finn også ei oversikt over ofte stilte spørsmål på nettsidene våre under Produksjon og marked/Produksjonstilskot/Ofte stilte spørsmål.

infobrev_pt_mai2017_NN_1.0